



DEN NORSKE KYRKJA
Klepp sokneråd

Kleppevarden 2
Postboks 101
4358 KLEPPE
klepp.sokneraad@klepp-kirken.no
www.kleppkyrkje.no
Kontonr. 3290.07.71265
Org.nr. 976 993 551

Møtebok.

Frå kl 19:30 til 22:30 Møtedato: 21.01.2014

Frå saksnummer: 01/15 Til saksnummer: 09/15	Møtestad: Menighetssalen, Klepp kyrkje
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Svein Olav Nesse (nestleiar) Ivar Slettebø Inger Vassel Myrstad Andreas Haarr (sokneprest) Else Fredheim Hodne Arvid Hareland Edel Østrem
Vara medlemmer:	Pauline Braut (1.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær Karsten Degnes, kateket
Diverse merknader	Ikkje til stades: Jan Arild Anda

Sak 01/15 Godkjenning av saksliste og innkalling

Vedtak:

Saksliste og innkalling vert godkjent.

Sak 02/15 Godkjenning av møtebok frå møte den 10.12.2014

Vedtak:

Møteboka av 10.12.14 vert godkjent

Sak 03/15 Konfirmant- og ungdomsarbeidet

Kateketen orienterte soknerådet om konfirmant- og ungdomsarbeidet. Desse punkta vart teken fram:

- Opptur – flott samling med alle konfirmantane om sorg.
- Leiarteamet – Christine, Daniel, Camilla og Karsten jobbar veldig godt saman
- Trusopplæringstiltak
 - Uanz – vert brukt som tiltak for 16-åringar. Godt fornøgd, men det krev mykje arbeid. Skal organiserast annleis for framtida
 - Newbie – nytt tiltak for 13-åringar. Same dag som informasjonsmøte for neste års konfirmanter.
 - Tiltak for 17- åringar og 18- åringar er på planleggingsstadiet
- Klekk-gjengen er motivert, men det er vanskeleg å få med dei som ikkje er engasjert i kristent arbeid frå før.
- Per i dag er det om lag 45 konfirmantleiarar. Desse bør fordelast på fleire tiltak for andre aldersgrupper.
- Arbeidsmengde/arbeidsoppgåver for ungdomsarbeidarane. Viktig at det ikkje vert for mykje.
- Tur til Ukraina – på grunn av storm vart innsamling av juletrær avlyst. Kateketen ber om eit offer i kyrkja for å dekke inn noko av dei tapte inntektene

Vedtak:

Soknerådet dekker eventuelt underskot på Ukrainatur, februar 2015, med inntil kr 8 000,-

Sak 04/15 Politiattest for frivillige

Vedtak:

SR vedtar følgande retningslinjer og ber staben starta arbeidet med å samla inn politiattestar.

Vi ber om politiattest av alle som :

- *er med som leiar/frivillig på eit arrangement/tilbod for barn eller ungdom*
- *er over 15 år*
- *har eit engasjement som går over minst tre dagar eller tre gongar.*

Sak 05/15 Kyrkjeval 2015

Brev til aktuelle kandidatar vert sendt ut i slutten av veke 4. Deretter startar nominasjonskomiteen arbeidet med å ringe direkte og spør.

Sak 06/15 Orienteringssaker

- a) Helaften – det praktiske arbeidet blir fordelt.
- b) Årsfest- Åsmund Steinnes talar og UF-bandet deltek på møtedelen oppe.
SR har ansvar for mat og praktisk tilrettelegging.
- c) Menighetsutvikling:
Møte i komite – snakka om frivillige
 - Har hatt møte med ein del av dei ulike gruppene som er involvert i gudstenesta
 - Skulle hatt organisasjonskart over ulike grupper
 - Følgje opp husfelleskap / bibelgrupper – felles samling

Sak 07/15 Evaluering av julegudstenestene

- God oppslutning om gudstenestene.
- Kan forbetra kommunikasjon mellom stab, frivillige og deltakarar.
- Lysgloben må ikkje brukast

Sak 08/15 Sløkking av lysglobe

Lysgloben utgjer ei brannfare og spesielt i samband med kyrkjekaffien er dette noko som gjer grunn til uro. Difor skal globen sløkkjast før kyrkjekaffien tek til.

Vedtak:

Lysgloben skal sløkkjast under postludiet av kyrkjevertane.

Sak 09/15 Ymse

- a) Klepp sokn er med i eit forskingsprosjekt angående frivillig arbeid. Grete Framgarden skriv ei doktoravhandling med tittelen «Kirkelig frivillighet i helsefremmingsperspektiv».
- b) Diakoniutvalet har snakka om ein uformell møteplass på dagtid. Dersom dette skal realiserast må dette vera sjøldrevet. Kan eventuelt arrangerast av stab/soknerådsmedlamar første gong for så å bli overtatt av frivillige.
- c) Byggekllossen Kleppe bedehus har fått endra husleiga. Dette fører til at dei går med underskot. Soknerådet må dekkja dette underskotet.

Ref. Ingunn D Aandal
Sekretær